

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2019**

**Trude Brosvik (KrF)** sette på vegner av Sp, Ap, SV, MDG, V og KrF fram slikt forslag 1:

«Tillegg:

Nytt punkt 3

MiSF sitt fellesmagasin i Angedalen vert ikkje utsett i påvente eller som følgje av denne saka.

Magasinet har løyving frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på 2019-budsjettet, samt tilslagn og kr 40 mill frå staten, der dei første 8,3 mill er løyvd på 2020-budsjettet.

Saka skal klargjere om MiSF sitt magasin har kapasitet til å dekke noko av behovet som er for andre museum i Vestland fylke.»

**Morten Klementsen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

**Trude Brosvik (KrF)** sette på vegner av Sp, Ap, SV, MDG, V og KrF fram slikt forslag 2:

«Endring:

Punkt 1

Slette siste setning

Tillegg:

Nytt punkt

Fylkesutvalet ber om at ein snarlig får ei sak som går gjennom museumspolitikken i Vestland med utgangspunkt i ulik ansvars- og eigarskapstruktur, og korleis ein byggjer saman museumskulturen.

Saka vert også framlagt for utval for kultur, idrett og integrering.»

Klementsen trakk forslaget sitt.

## **Avrøysting**

Innstillinga fekk 5 røyster (H, Frp) og fall mot innstillinga med Brosvik sine forslag 1 og 2 som vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

## **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget ber om at dei aktuelle initiativa vert koordinerte og at ein vurderer ei eventuell samordning av dei ulike magasinprosjekta i samarbeid med Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland, Musea i Sogn og Fjordane og KODE.
2. Finansieringa av nytt fellesmagasin må spegle det nasjonale, regionale og kommunale ansvaret som samlingsforvaltinga gjennom fellesmagasinet representerer. Fylkestinget ser det som ein føresetnad for realisering av prosjektet at finansiering av nytt fellesmagasin vert eit slikt felles løft, og ber difor fylkesrådmannen føreslå finansiering.
3. MiSF sitt fellesmagasin i Angedalen vert ikkje utsett i påvente eller som følgje av denne saka. Magasinet har løyving frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på 2019-budsjettet, samt tilslagn og kr 40 mill frå staten, der dei første 8,3 mill er løyvd på 2020-budsjettet.  
Saka skal klargjere om MiSF sitt magasin har kapasitet til å dekke noko av behovet som er for andre museum i Vestland fylke.
4. Fylkesutvalet ber om at ein snarlig får ei sak som går gjennom museumspolitikken i Vestland med utgangspunkt i ulik ansvars- og eigarskapstruktur, og korleis ein byggjer saman museumskulturen. Saka vert også framlagt for utval for kultur, idrett og integrering.»